

Fra: Slinde Marius (marius.slinde@vegvesen.no)

Sendt: 20.11.2015 09:47:26

Til: 'fmhopostmottak@fylkesmannen.no'; rv@nve.no; Samferdselavdelinga - Postmottak; Regionalavdelinga - Postmottak; Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak

Kopi: Ove Kvalnes (ove.kvalnes@stord.kommune.no)

Emne: Invitasjon til informasjonsmøte

Vedlegg:

Hei,

Statens vegvesen har utarbeida forslag til kommunedelplan for ny E39 mellom Heiane og Ådland/Nordre Tveita på Stord. Planforslaget er overlevert til kommunen og det er venta at formannskapet vil vedta å legge planen ut til offentlig ettersyn når dei skal ha møte den 2. desember.

Som del av vårt opplegg for medverknad ynskjer me å invitere dykkar sakshandsamarar for dette planprosjektet til eit informasjonsmøte. På denne måten ynskjer me å gi ein «flying start» på sakshandsaminga av planforslaget ved at ein får ein gjennomgang av planforslaget, samt kan få svar på dei spørsmåla ein skulle ha innleiingsvis. Møtet vil finne stad onsdag 16. desember kl. 09:30–11:00 hjå Statens vegvesen i Nygårdsgaten 112 i Bergen, møterom «vegsjefen». Det er også mogeleg å delta på møtet via videokonferanse.

Dersom de ynskjer å sjå på planforslaget i forkant av møtet, så vil de iallfall finne dette på våre prosjektnettsider (<http://www.vegvesen.no/europaveg/e39leirvik>) forholdsvis snart etter at utlegging til offentlig ettersyn er vedteke.

Gje gjerne eit tilbakemelding på om dykkar organisasjon vert representert på møtet og ev. kor mange som stiller frå dykk.

Med helsing

Marius Slinde

Seksjon: Planseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER

Telefon: +47 55516201 **Mobil:** +47 90986891 **e-post/Lync:** marius.slinde@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø – spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?